

# Kyrkjeklokka

Nr 2 - 2022

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

86. årgang

## Bispevisitas

Altertavla  
i Nordsida  
kyrkje

Dugnad ved  
kyrkjene

Ein trufast sokneprest  
takkar av etter 32 år!

Nattkafeen på Telegrafen  
søker klubbleiar

Trufast og godt likt  
organist takkar av

Hornindal Sanitettslag  
i coronatider

Årsmøte 2022  
Kyrkjeklokka Bladlag

Naustmesse  
ved Bergsetnausta  
2. pinsedag

Kveldsbøner



Konfirmantar 2022

Pinse har sin bakgrunn i det greske ordet *pentakoste* som tyder; *den femtiande*. Det vil seie den femtiande dag etter påske.

I kyrkja sitt år høyrer påska og pinse saman. Pinsa er på ein måte oktaven – den 8. dag – etter påska si jubelerveke (på  $7 \times 7$  dagar = 49 dagar + 1 dag = 50 dagar). Feiringa av pinsa er knytta til Andens kome. At det er ein klar samanheng her, kjem fram av den rauda liturgiske fargen som minner om Den heilage andens eld.

I likheit med påska, har også pinsa sin opprinnelige historie frå Det gamle testamentet (G T). Her finn vi pinsa uttala som «Vekefesten» (2 Mos 34,22) som vart feira først og fremst som ein innhaustingsfest for kveiten. Seinare også som eit minne om lovgjevinga på Sinai. Som kyrklege høgtid – som kristen fest med eige innhald, vart pinsa feira frå 200-talet. Først etter år 1000 var det at vi fekk fleire pinsedagar.

På den første pinsedagen (Apgj, kap 2) vart menneske første gong døypt med vatn og Ande. Slik trer den første kyrkja fram for våre auge – Kyrkja sin fødselsdag. I pinsa feirer vi kyrkja sin fødselsdag.

Pinsa er ein kyrjefest. Samstundes er den Andens høgtid og ein Kristusfest. I den samanhengen kan ein trekke fram Jesu ord frå Joh 14, 18: «*Eg kjem til dykk*». Utan pinse blir jula og påska ikkje jul og påske for oss. No kastar Anden gjennom heile kyrkjeåret sitt lys over kyrkja sin Herre – og gjer han stor. Jesus sende sin Ande i pinsa og reiste opp si kyrkje.

## Pinse

av sokneprest Harald Runde

Forholdet mellom Faderen, Sonnen og Anden er det ikkje mogeleg for nokon av oss å skue til buns i. Eit bibelord (2 Kor 3,17) kan hjelpe oss noko på veg til å forstå litt av dette mysteriet mellom Fader, Son og Ande. I dette bibelordet står det: «*Herren, det er Anden*». Fyrste gong Jesu kom til vår jord, i jula, då kom han i *sarxs* (gresk) = *kjøt* - i ein menneskeleg skapning. I pinsa kom han på ein ny måte. Då kom han som Anden (2 Kor 3,17). Jesus kan no ta bustad i oss. Det kunne han ikkje då han vandra her på jord, som eit menneske av kjøt og blod. Jesus seier i Joh 14,23: «....den som elskar meg skal Far min elsa, og vi skal koma og ta bustad i han».

Dersom ikkje Jesus hadde døydd og stått opp att og for opp til himmelen, så kunne ikkje Anden koma til jord. Då kunne ikkje vi menneske ha fellesskap med Jesus og Gud Faderen. No kan vi det - Jesus kan ta bustad i oss ved Anden. Då kan vi ha fellesskap med Jesus. I Joh 16, 7b seier Jesus: «*For går ikkje eg bort, kjem ikkje Talsmannen til dykk. Men går eg bort, skal eg sende han til dykk*».

I Immanuelprofetien, Jes 7,14 og Matt 1,23, står det: «*Sjå, møya skal bli med barn og føda ein son, og dei skal gje han namnet Immanuel*» – det tyder: *Gud med oss*. I lys av pinsedagens under kan vi og seie: *Gud i oss ved Den heilage Ande*.

*Den som trur på Jesus har det evige liv og har også Anden i seg. God pinse til alle.*



## Ein trufast sokneprest takkar av etter 32 år!

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

Harald Runde – ein trufast sokneprest takkar av etter 32 år!

Harald kom til Innvik Prestegjeld i 1990. Han hadde då vore res.kap i Narvik i 6 år. Denne stillinga innebar også ansvar som sjukehusprest ved Narvik sjukehus. Og før det var han feltprest ved Garnisonen i Sør-Varanger i Kirkenes.

Harald kjem opprinnelag frå Fosnavåg i Herøy kommune, og tykte m.a. at han kom nærmare foreldra sine då han kom til Stryn.

Før vi går vidare i intervjuet klarar ikkje Harald å gje heilt slepp på Narvik Sjukehus. For der oppe blei han som sjukehusprest sterkt involvert i den tragiske ulukka i Vassdalen i Troms, der mange norske soldatar miste livet i eit snøras under ei Natoøving. Det tyngste var å møte dei pårørande og prøve å vere medmenneske.

Ein prest opplever bokstavelig tala livet frå vogge til grav. Difor er det ei stor glede å vere med på barnedåp, konfirmasjon og vigslle, seier Harald.

Mange trur at presten berre arbeider ein dag i veka, nemleg søndagen. Men slik er det ikkje. I løpet av ei veke kan det vere samtale med foreldre før barndåpen, brudepar og konfirmandar. Ja, ein må også møte pårørande før ei gravferd. Andakter på omsorgssentra er også ein del av kvardagen til soknepresten vår. Dessutan møter presten på soknerådsmøta i alle tre sokna, stabsmøte og andre tilstellingar.

Harald Runde har til vanleg ei travel arbeidsveke. 17. mai og julaftan er det to gudstenester same dag. Det kan og vere to gudstenester på ein vanleg søndag, ei på føremiddagen, og den andre på ettermiddag i ei anna kyrkje.

Om sommaren er det opp til fleire støyelmesser.

2. pinsedag er det kvart år naustmesse på Sølvbergsida. Der har Harald vore trufast med sidan det starta.

### Kari Runde

Det heiter at bak ein vel-lukka mann, står det som regel ei kvinne! Kvinna i Harald sitt liv har alltid vore Kari. Ho kjem frå Sørlandet, ikkje så langt frå Kristiansand.

Kari har hatt søndagsskule i Innvik i om lag 17 år og vore ein viktig aktør med flanello-graf. Gjennom sterke fargekontrastar og flotte bibelske figurar har ho formidla evangeliet på ein lettfatteleg måte. Ho har av og til tatt seg av preiketeksten når Harald har vore liturg.

Med den tydelege og gode songstemma si har ho ofte delteke som forsongar frå galleriet. Dette har hjelpt godt på salmesongen i kyrkja. Ho har også hatt barnekor og vore med i Sjømannsmisjonen og NMS (Det Norske Misjonsselskap) si lokale foreining.

Kari er utdanna sjukepleiar innan føde og barsel. I seinare år

har ho hatt fast jobb på Vikane Omsorgssenter. Her har ho stor-trivdest og er godt likt av kollegaer og bebruarar.

På torsdagen brukte Harald å ha andakt på omsorgssenteret – difor hende det ofte at både Kari og Harald var på «jobb» samtidig. Harald seier det er viktig å vere medmenneske også i den siste fasen av livet.

Harald fortel at han som student arbeidde nokre år i gravferdsbyrå. Dette var ei god erfaring å ta med seg inn i yrket som prest.

Kari og Harald har 5 born og 5 barnebarn.

Vi spør begge: Kvar hen i verda flyttar Kari og Harald no? «I nærleiken av Fosnavåg», svarar Harald. Der har dei no i mange år fornya eit lite småbruk etter foreldra hans. Dei er begge glade for at dei no kan flytte rett inn utan å drive med meir ombygging.

Etter så mange år i Innvik, seier begge to at det blir noko vemodig å flytte. Dei har blitt glad i folket og naturen.

Underteikna må også legge til det ein sambygding nyleg uttrykte: «Vi kjem til å sakne både Kari og Harald».



## Dugnadsgjeng og inntektsskapande arbeid i Kyrkjelydane Kyrkjeringar i sokna

Etter å ha lese i siste nummer av Kyrkje klokka om Kyrkjeringen i Nedstryn – «årane inn»? som redaktør Jarle Heslevik skreiv, etter oppmoding av Nedstryn sokneråd, vart denne redaktøren litt nyfiken;

Er dugnaden og innsatsen for basar og inntektsskapande verksamhet i sokneråda i ferd med å «skrumpe inn» og forsvinne? Er nye generasjonar ikkje villeg til å gjere ein innsats? Eller er den høgst oppegåande?

Får sokneråda nok inn av kronasje til å løne ut Kateket, drive barne og ungdomsarbeid og gjere andre tiltak, i si kyrkje? Vil yngre krefter ta over ansvaret for kyrkjeringane? *Dei vil få god hjelp og støtte frå dei som har halde på med arbeidet i mange år, kanskje mange tiår, men som ikkje lenger orkar ansvaret.* Redaktøren ba om orientering og innspel frå sokneråda. Her kan du sjå kva dei svara, to av dei.

Om sommaren er det tid for opne kyrkjer, også i vårt område. Mange kyrkjer held ope på dagtid, og det vil vere oppslag og plakatar som viser opningstider og dagar. Vi har ei vegkyrkje i vårt område, det er Loen kyrkje.

Til ei vegkyrkje er det sett visse krav. Den skal ha vertskap, der skal vere enkel servering, det skal vere informasjonsmateriell og det skal vere eit toalett i nærlieken. Loen sokneråd jobbar no med å få plass vertskap. Desse kyrkjevertane skal først og

I Nordsida kyrkje hadde vi basar før jul, godt oppmøte på basaren og vi fekk inn ca 64000 kroner. Folk har stor gjevarglede og er flinke til å støtte opp.

Då eg gjekk rundt til ulike butikkar for å spørje etter gevinstar, var det berre smil og positive svar. Vi har ein flott handelsstand i Stryn som vi må støtte opp om.

Vi må rett og slett takke, takke for at folk vil støtte opp om kyrkja og det arbeidet vi har lyst å gjere. Av og til kan det vere vanskeleg å få folk til å stille til ulike oppgåver. Men kanskje vi kunne prøve å forenkle ein del av arbeidet, samordne ulike oppgåver og tenkje litt nytt for at folk kan finne tid til å delta og få kjenne at i kyrkja er det godt å vere. Kanskje dei då etterkvart får lyst å vere med å organisere litt og.

God helsing  
Jorunn i Nordsida Sokneråd

I Stryn er stoda den at kyrkjeringen har eksistert sidan 1979, og mange av dei same har gått igjen desse åra. No er dei forståeleg nok trøtte, og dreg også på åra, og vil difor ha avløsing.

Julemassa i Stryn var tidlegare ei kombinert salgsmesse og basar, noko som krevde stor dugnad. I koronatida fall dette naturleg nok vekk, så sist desember heiv soknerådet seg rundt og fekk til ein basar. Vi fekk stor oppslutning frå handelstand og private. Men dette er mykje arbeid, og saman med ein del andre oppgåver må vi prøve få i gong kyrkjeringen att, så vi får hjelp til det vi tenker blir ein basar i framtida. Vi treng absolutt desse pengane til kateket, ungdomsarbeid m.m.!

Som de forstår er vi i eit veiskille her, så vil gjerne ha innspel i k.k. for å få nye aktørar på bana.

Mvh Margaret  
Nedstryn sokneråd



*Det er mange gode støttespelarar i handelsstanden og private.  
Men sokneråda treng frivillige som vil ta ansvar, er du ein av dei?*

## Opne kyrkjer

fremst vere tilgjengelege for å svare på spørsmål, servere kaffi, saft og kjeks og kunne vise til toalettet, om nødvendig.

I Loen finst det gode plakatar og brosjyrer som fortel om kyrkja, så det er ikkje nødvendig for kyrkjeverten å vite alt mulig om huset og livet i kyrkja. Det viktigaste er å ynskje folk velkomne og ta imot dei som kjem med eit smil. Kyrkja skal vere open fem timer for dag, frå klokka 1400-1900. Viss du synest det er lenge, går det an å

alliere seg med nokon slik at de tek to dagar med 2,5 timer kvar. Eller kanskje er det rett og slett kjekt å vere to saman?

I skrivande stund jobbar soknerådet med å få på plass nok kyrkjevertar. Kyrkja vil vere open i juli, fem dagar i veka, så viss du kjenner på at det kunne vere kjekt å gjere ein slik liten innsats for den fine kyrkja vår, så ta kontakt med Anne Wathne (tlf 95447484) eller ein annan i soknerådet.

*Sokneprest Henny Koppen*

## Konfirmantopplæring for vaksne

av Henny Koppen

Nedstryn sokneråd har lenge kjent på behovet for ein samlingsstad for vaksne, ein stad for opplæring og sosialt samvær. Vi har landa på eit undervisningsopplegg som vi kallar «Konfirmantopplæring for vaksne». Vi vil gå ut frå same tema som vi har med konfirmantane og legge det opp som ei undervisningsøkt der vi tek i bruk same peda-

gogikken som vi brukar for dei som skal konfirmerast, foredrag, samtale, grupper og gjerne ein aktivitet knytt til tema. Dette blir litt varierande ut frå kva tema vi har oppe. Vi veit at mange har etterlyst eit miljø ut over gudstenestefellesskapet i Stryn, og vi håpar dette kan vere eit svar på det behovet. Døme på tema som blir tatt opp er: Dåp og Nattverd,

Vondskap, død og håp, Gudstesta, Gud: Skapar og Far, Jesu liv, og Bibelen. Vi tek sikte på å ha ei samling i månaden, og vi vil sjølvsagt servere kaffi/te med noko attåt kvar gong.

Fylg med på nettsida vår: <https://www.stryn.kyrkja.no/> eller på facebooksida til Kyrkja i Indre Nordfjord.



## Kyrkjeklokka

[www.stryn.kyrkja.no](http://www.stryn.kyrkja.no) - arkfane: kyrkjeklokka

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune

Redaktør for dette nummeret er: Knut Sigurd Gald

Forretningsførar - abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik, Rindane 6, 6788 Olden.  
Tlf 990 28 076 - john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054 - Bankgiro 3795 30 05108  
Kontingenget er frivilleg - Vi takkar for betaling og støtte

## Kyrkja i Indre Nordfjord

**Stryn kyrkjekontor**  
Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri  
[kari.muri@stryn.kommune.no](mailto:kari.muri@stryn.kommune.no)  
Tlf 57 87 61 84  
Mobil 913 27 882

57 87 61 80 Telefonsentral  
57 87 61 81 Sekretær Margrete Lillestøl  
57 87 61 81 Sekretær Anne L. Honningsvåg  
Postadresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn  
Besøksadresse: Rognehaugen 11  
E-postadresse: [kyrkja@stryn.kommune.no](mailto:kyrkja@stryn.kommune.no)  
Heimeside: [www.stryn.kyrkja.no](http://www.stryn.kyrkja.no)  
må, (ty 10:00-), on, to, fre 09:00 - 15:00

**Volda kyrkjekontor**  
kyrkjeverje Jostein Stråbø  
[jostein.strabo@volda.kyrkja.no](mailto:jostein.strabo@volda.kyrkja.no)  
mobil 916 63 549  
Tlf 70 07 40 90

Post/besøksadr.: Rådhusgata 6a, 6100 Volda  
E-postadr.: [kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no)  
Heimeside: [www.volda.kyrkja.no](http://www.volda.kyrkja.no)  
Må, ty, (on 10:30-), to, fre kl. 10:00 – 14:00



[instagram.com/kyrkjaiindrenordfjord](http://instagram.com/kyrkjaiindrenordfjord)

### sokna Utvik - Olden - Innvik

Mobil 911 84 241  
sokneprest Harald Runde  
[runde.harald@gmail.com](mailto:runde.harald@gmail.com)  
Tysdag, torsdag og fredag kl 10 - 12

### sokna Randabygd - Nordsida

Tlf 57 87 49 48  
Mobil 930 01 473  
sokneprest Hege Høibye  
[hege.hoibye@stryn.kommune.no](mailto:hege.hoibye@stryn.kommune.no)

### sokna Oppstryn - Loen - Nedstryn

Tlf 57 87 61 85  
Mobil 948 32 875/916 01 630  
sokneprest Henny Koppen  
[henny.koppen@stryn.kommune.no](mailto:henny.koppen@stryn.kommune.no)

### Hornindal sokn

mobil 957 69 292  
sokneprest Per Kristian Hovden Sætre  
[per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no](mailto:per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no)



[stryn.kyrkja.no](http://stryn.kyrkja.no)

### Trusopplæring

57 87 61 83 Kateket  
Beate Nes  
[beate.nes@stryn.kommune.no](mailto:beate.nes@stryn.kommune.no)

57 87 61 80 kyrkjelydspedagog  
Martine Bø Solbakken  
[martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no](mailto:martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no)

57 87 61 82 Trusopplærar  
Guro Petronella Nordnæs-Enerhaug  
[guro.enerhaug@stryn.kommune.no](mailto:guro.enerhaug@stryn.kommune.no)



[facebook.com/strynkyrkja](http://facebook.com/strynkyrkja)



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Eg er på veg til Bombeneset, på den fine stien som går frå Hjelle og oppover langs elva. Det er pinsevandring. Beate har utarbeidd eit opplegg for skular og barnehagar, og dei fyrste som får vere med på det er vi, - kyrkjestaben, prost og biskop og rektorar og lærarar frå skulane i kommunen.

På turen møter vi bålet, flammane, fleire gonger. Fyrst på elvekanten, der Beate fortel historia om då Jesus møtte læresveinane på stranda etter at han var død. Bålet brann, han gav dei brød og steikt fisk. Vi har bål, også, rett nok er det ikkje tent, det er bålforbod. Men vi får brød.

Neste post er på ei lita høgd. Guro fortel om Kristi himmelfartsdag, der Jesus gav læresveinane sine bod om å gå ut i verda, døyte og forkynne. VI brettar papirfly og konkurerer om kven som reiser lengst.

Vi skal ut i verda vi også. Litt lenger inne i skogen skal vi bygge tårn. Materiala er marshmallows og spaghetti. Kven får det høgaste tårnet? Elisabeth fortel historia om tårnet i Babel, den som enda med at Gud forvirra språket slik at ingen forstod kvarandre.

Det var det motsette som skjedde på pinsedagen, og det får vi høre om når vi kjem fram til Bombeneset. Dei redde lære-sveinane, som var åleine i Jerusalem no når Jesus hadde forlatt dei for godt, var lova at han skulle kome tilbake på ein

annan måte. Og her kom det tunger av eld og sette seg på dei. Motet steig, dei gjekk ut og begynte å fortelje om Jesus og hans gjerning. Og alle forstod kva dei snakka om. Der var menneske frå alle kantar, dei snakka mange ulike språk, og no hørde dei disiplane sine forteljingar på sitt eige språk. Alle skulle få vite.

Beate og hennar gode hjelpearar hadde laga eldtunger til oss alle saman. Om vi ikkje begynte å forkynne der og då, så fekk vi oss i alle fall ein god latter. Og det skal seiast: Det er enklare å gå laus på ei oppgåve viss humøret er godt.

Vi samla oss kring bålet til slutt. Birger hadde fyrt opp i bålpanna, sikra at det var vatn til gjengeleg, og så grilla vi marshmallows, dei som var att etter at vi hadde bygd Babels tårn i ulike variantar.

Bål er nemleg ein gammal pinsetradisjon. Nokre stader i landet var det meir vanleg enn jonsokbål. I min barndom hadde vi bål både pinseaftan og jonsok-aftan. Det var ein samlingsstad for heile bygda, vi hadde med oss mat, leika og kosa oss. Det er ikkje rart at bålet er ein pinsetradisjon, det skal minne oss om tungene av eld som kom ned over læresveinane. Det var Den heilage ande som kom til oss slik, eit synleg bevis på at Jesus heldt det han hadde lova. Han hadde sagt det; han skulle forlate jorda, men skulle likevel vere her, nær hos alle, over alt og på ein gong. Den heilage ande kom for å bli. Han møter oss i dåpen, i nattverden, i bøna. Anden kjem med fred, og med utfordring. Gå ut i all verda! Eg er med dykk alle dagar!



F.v. kateket Beate Nes, prost Mari Saltkjel og biskop Halvor Nordhaug

# Årsmøte 2022 Kyrkjeklokka Bladlag

Årsmøte 2022 i Kyrkjeklokka Bladlag vart halde onsdag 11. mai 2022 kl 1900 på Nord-sida Næringsstove, Ulvedal.

Reknesaksresultatet for 2021 viste eit resultat (overskot) på kr 46 576. Men det vart driftsunderskot på kr 63 424 og overskotet kom av godskriving frå fond under finansielle postar. Den frivillige årskontingenten er kr 600.

Det ser ut til at økonomien i bladlaget i åra som kjem vil svekkast.

svekkast. Dette bekymrar styret og årsmøtet. Det er bladpengane som sviktar. På same tid gjev ikkje annonsesal forventa resultat. Det minkar også på reservekapitalen vi har i fondssparing.

Svein Rønne med personleg vara Rolf Knudsen frå sokneråda i Loen, Nedstryn og Oppstryn sa frå seg styrevervet. Nytt styremedlem er Kristin Storevik med personleg vara Helga Renate Espe. Elles utgjer styret Geir Ståle Vatnamo

med personleg vara Erling Briksdal frå sokneråda i Innvik, Olden og Utvik, og Knut Sigurd Gald med personleg vara Anne Lødemel Honningsvåg frå sokneråda i Hornindal, Nordsida og Randabygd.

Knut Sigurd Gald vart attvald som styreleiar. Mangeårig forretningsførar er John Selmer Skiftesvik.

Geir Ståle Vatnamo, Jarle Hessevik og Knut Sigurd Gald har vore redaktørar i 2021.

## På sakslista på årsmøtet 2022 i Kyrkjeklokka Bladlag

### Sak 07 Kyrkjeklokka Bladlag sin økonomi og framtidige inntekter

Det ser ut til at økonomien i bladlaget i åra som kjem vil svekkast. Dette bekymrar oss.

Det er bladpengane som sviktar. På same tid gjev ikkje annonsesal forventa resultat. Det minkar også på reservekapitalen vi har i fondssparing.

Forslag til betring av økonomien er:

- Sokneråda bidreg med å dekke inn underskot etter modell frå støtta dei gjev kateket tenesta.
- Sokneråda arbeider for å skaffe annonsørar til bladet.

I diskusjonen vart det presentert at det er sokneråda som har det overordna ansvaret for økonomien av Kyrkjeklokka og sokneråda bør derfor engasjere seg for å auke inntektene ved t.d. sal av annonsar i bladet. Deltaka-

rane på møtet svarte at dei møter mykje velvilje frå butikkane i Stryn når dei ber om gevinstar til basarar, og dei er redde for å redusere denne velviljen dersom dei også skal be om annonsar. I tillegg vil ein risikere at personar frå fleire sokneråd oppsøker dei same bedriftene for å be om annonsar. Dei meinte det heller burde vere nokre få personar i ei gruppe som kunne samordne annonsesalet seg imellom. Sokneråda var derimot villig til å yte direkte tilskot til KK frå offer-inntektene og basar-inntektene.

I desembernummeret vert det kvart år lagt inn ein giroblankett som lesarane kan bruke til frivillige bladpengar. Dette har vore den viktigaste inntektskjelda til KK, men ein ser at det for kvart

år er stadig færre personar som betaler bladpengar, og det må gjerast noko for å endre dette. Derfor vert det i nr 3 i år skrive ei artikkel der ein sterkt oppmodar lesarane om å betale bladpengar. Det kom også framlegg om å spare utgifter ved å ikkje legge inn giroblankett i bladet når dei som betaler ikkje treng denne for å kunne betale på nettbank eller vipp. Men det var også skepsis til å fjerne blanketten som er eit tydeleg blikkfang, og at det kan føre til at enno færre betaler bladpengar. Vi vil derfor i nr 3 lage eit tilsvarende blikkfang med all betalingsinformasjon trykt på vanleg tekstsida. Erfaring frå dette vil danne grunnlag for vurdering om det skal vere girovedlegg i nr 4.

## Bladpengar 2022 til Kyrkjeklokka Bladlag

Vi takkar hjarteleg for din innbetaling av bladpengar til  
Kontonr 0538 18 51054

Du kan også betale med VIPPS

[583131 \(kjøp og betal\)](#)

[Tusen takk for støtte!!](#)

Tips!!

Registrer deg med grasrotmidlar til Kyrkjeklokka Bladlag på Norsk Tipping



Øystein Frivold med gitaren og sin glade song. Foto: Randi Frivold

‘Sorgen har heldigvis ikke tilbakevirkende kraft’ skreiv kona Randi då ho sende ut meldinga i slutten av mai om at hennar kjære Øystein døde på Kristi himmelfartsdag etter mange års kamp mot sjukdom. Sorga over Øystein Frivold er tung også for oss i Hornindal, Randabygd og Nordsida sokn der Øystein var vår dyktige sokneprest i 14 år.

Men gleda over å ha kjent han, og dei mange gode minna lyser og trengjer seg gjennom sorga vi kjenner på i dag.

Øystein tok til i presteteneste her i 1988.

Det er eitt ord som kjem i tankane når vi tenkjer tilbake på Øystein si tid som prest. Det er ordet glede. Han var ein glad prest, og vi vart glade av å møte han og høre på han. Men Øystein var også ein god prest for dei som opplevde sorg. Han tok mellom anna initiativ til sorggrupper, og han var flink med sorgarbeid, spesielt når han møtte personar som hadde opplevd særleg vanskelege hendingar.

Han var også pådrivar for å få laga kyrkjekstilar i alle 3 sokna.

Naustmesset ved Bergsetnausta

## Minneord Øystein Frivold

var også hans ide i lag med soknerådet. Han var forkynnar på den siste naustmesset i 2019, før pandemien sette ein midlertidig stopp for denne unike messa ved fjorden. På årets naustmesset vart han minna for sitt arbeid i sokna våre.

Han var også med på initiativet til Teiknebrettprosjektet som Nordsida sokneråd starta opp i 1992. Teiknebretta for born vart første året teke i bruk i 50 kyrkje-lydar, og i åra fram til 1994 var det i alt 125 kyrkjelydar som kjøpte dei.

Vi hugsar også godt at Øystein spreidde glede med song og musikk. Han hadde nokre gonger med gitar i kyrkja og spela og song.

I Randabygda var han mange år med på jaktlaget og i jubileumshefte til Randabygd kyrkje skriv han med overskrifta : «1988 - 2002 - 2012. 24 år med mange gode minner av mange slag.» Han fortel om tida på jaktlaget: «Min tjenestetid som prest

begynte i 1988 og sluttet offisielt i 2002. Men jeg fikk en avskjeds-gave: Plass på jaktlaget i 10 år! Den gaven har gitt meg mange gleder, først og fremst i form av gjensyn med folk og fjell, men også ‘mat-rielt’ - det har vært ekstra stas å kunne servere venner ypperlig hjortekjøtt.» Etter 2002 har han mellom anna jobba i Sjømannsmisjonen og vore sjukehusprest. Øystein og familiien busette seg ved Tyrifjorden. Dei siste åra i jobb fekk Øystein glede eldre på Modumheimen som kulturmedarbeidar med song og musikk.

Vi ser med glede tilbake på dei åra vi fekk ha Øystein Frivold som prest.

*Vi lyser Fred over  
Øystein sitt gode minne.*

Anne Lødemel Honningsvåg  
Reidar Magne Sørland  
Vemund Øiestad



Her er Øystein, i raudt, saman med jaktlaget han fekk avskjedsgåve av: Plass på jaktlaget i 10 år. - ”Den gaven har gitt mange gleder”, skreiv han i si helsing ved 100 års jubileet til Randabygd kyrkje. Frå venstre Tor Arve Aaland, Øystein Frivold, Roger Aaland, Matias Skrede og Jo Inge Skolbones

## Hornindal Sanitettslag i coronatider

Norske Kvinners Sanitettsforening (NKS) hadde 125 års jubileum i 2021. NKS vart stifta for å arbeide for folkehelse både i form av forskning, informasjon og i praktisk arbeid. Mottoet er «Vi er til for andre!». I Hornindal har sanitetslaget spela ei viktig rolle for mange i coronatida.

Hornindal Sanitettslag har hatt eit styre som har vore flinke til å søke om midlar til tiltak både for unge og eldre. I tillegg fekk vi kr 25.000 frå Ekornes, Oddfrid Bakke nominerte oss til Brænne sin julekalender som gav 30 flasker saft. Sanitettslaget er svært takksame for alle gåver. Med god planlegging i høve til smitterestriksjonar har laget gjennomført mange tiltak siste året.

Ved Omsorgssenteret var det strenge restriksjonar i høve besök. Motiwiev-syklane som laget kjøpte inn, ved hjelp av gåve frå Dammstiftinga, har vore ein kjærkom- men aktivitet for bebuarane. Det er lage filmar over fleire løyper i nærområdet. Syklane er svært populære, og bruken fremjar trivsel og førebygging både av psykisk og fysisk helse

I samarbeid med NKS og Orkla pakka vi 70 nett med kolonialvarar som vart delt ut til heimebuande pensjonistar i bygda

føre påske, og det vart helsingar til bebuarane på Omsorgssenteret. «Kanskje kommer kongen» er varme måltid for heimebuande eldre som vert støtta av NKS. Trass i pandemi greid-de sanitetslaget å gjennomføre 4 måltid i året som gjekk. Då samfunnet opna opp laga 6. klasse ved skulen, i samarbeid med sanitetslaget, lunsj for eldre med relasjon til skulen. Nokre dagar seinare laga sanitetslaget lunsj til alle elevar og tilsette ved skulen.

I juni fekk vi besök av bussen «Blåmåka». Det var eit underhaldningsprogram for born. Bussen stilte opp ved skulen, og mange born møtte opp. Programmet såg ut til å falle i smak.

Sanitettslaget sponsa 17. mai feiringa med brus og pølser til elevane ved skulen. Ellers så fekk alle nyfødde born i bygda badehandduk og helsing frå sanitetslaget.

I samband med jubileet hadde NKS «kløverstafett» inn om alle lag i landet. I Hornindal var stafetten i juni. Hornindal Sanitettslag fekk besök av Elisabeth Flo frå sekretariatet i Oslo. Vi hadde program heile dagen både i sansehagen ved Omsorgssenteret og i Groparken. I sansehagen var det taler, og born frå Tunåsen barnehage og småskulen song. Det var ei triveleg stund i fint ver. Etterpå var det kløvertur

som enda i Groparken. Der var det Hornindal Musikkorps, Hornindal Danseverkstad og Christine Helgesen Haugen som underholdt. Varordførar Sverre Leivdal heldt tale. Det var besök av NRK og NKS som tok opp film av arrangementa.

Kløverturane NKS har rundt om i landet har vorte svært populære. I Hornindal har vi det kvar torsdag. Når det har vore mogeleg, har vi hatt med bebuarar frå Omsorgssenteret. Då går vi tur i nærområdet, og så har vi stopp ved vatnet. Då svana Svanhild var her, tykte bebuarane at det var triveleg å sjå på henne. Når ho høyrd oss, var ho ikkje sein om å kome.

Ellers så hjelpte sanitetslaget til under coronavaksineringa ved Hornindal helsesenter.

Sanitettslaget hjelpte til når det var dugnad i sansehagen. Det er eit viktig område både for bebuarane på Omsorgssenteret og andre som går tur i området.

*Hornindal Sanitettslag har laga ein fyldig aktivitetsplan for 2022. Det vert kløverturar, måltid og andre arrangement. Det er berre å følgje med på plakatar og på sosiale media.*

Brynhild Lund Notøy



Over: Ein triveleg Honndalsgjeng med Jon Ytrehorn i spissen. T.v. Born frå Tunåsen barnehage i Hornindal, med vakker song under Kløver stafetten

## Dugnad ved Oppstryn kyrkje 2022

Konfirmasjon nærma seg fort, og det vart bestemt å ha dugnad i kyrkja laurdag 30. april.

Dagen kom med godt ver, opplett og vindstille, og til og med gløtt av sol.

Det møtte 12 personar. 4 vaska inne og resten raka og rydda ute. Det er mykje kvist og rusk som samlar seg. Inngongspartiet vart kosta fri for sand og lauv, soppeldunkane vart tømde.

Inne vart det tørka støv i krikar og krokar og benkane vart tørka over. Sølvtoyet vart teke med ut på troppa og pussa ute i det fine veret. Det vart fjerna stearin fra lysgloben m.m.

Etter ein god innsats frå alle, var det tid for kaffipause med

kringle. Sidan veret var så fint, sat vi ute nede ved vatnet.



Dugnad både ute og inne



## Naustmesse ved Bergsetnausta 2. pinsedag

Endeleg fekk vi samlast til Naustmesse ved Bergsetnausta igjen etter 2 år med pandemi. Rammene kunne ikkje ha vore betre: Strålande sol frå knallblå himmel, ein sval bris i det som var i ferd å likne på sommarvarme og bunadskledd dåpsfølge med ein glitrande fjord som bakteppe.

Under opninga minnast vi Øystein Frivold som starta tradisjonen med naustmesse og som hadde preika på siste naustmessa for 3 år sidan.

I år var Hege Høybye og Henny Koppen liturgar medan Vidar Bjortveit, sokneprest i Gloppe, hadde preika. Han minna oss om det livgjevande vatnet som er livsviktig for kroppen og det levande vatnet som livsviktig for sjela og som konkretiserer seg gjennom dåpsvatnet som rislar over oss gjennom dåpen. Såleis også denne dagen då vesle Olai vart døypt på same staden som storebroren for 3 år sidan. Dåp i pinsa er ekstra stas, og ikkje minst når naturkatedralen blir ein del av Guds verdsvide kyrkje.

Organisten vår, Oddvar Bergset hadde fått med seg Inge Haugen på saksofon og pinsesalmane fekk lyde under epletrea i Skreddarhagen.


Postludiet vart ei mektig oppleving. Damekoret «Fjellsus» frå Nordsida song Nordfjordsongen medan innhaldet i songen omkransa oss på alle kantar.

Den sosiale og viktige «kyrkje-kaffien» innebar både grilling, bading og gode samtaler. Som ein sa i det folket byrja på heimtur ut på ettermiddagen: «Tradisjonen med naustmesse må vere evig, for dette er noko

av det mektigaste eg opplever i kyrkjeleg samanheng!»

G. Bergset

*Gud signe då Nordfjord frå brede til hav  
og takk for slik fager ein heim du oss gav.  
Lat lukka då fylgja kvar mann og kvar  
kvinne!  
Lat hugnad i heimen kvar Nordfjording  
finne.*



Vidar Bjortveit, sokneprest i Gloppe,  
held preika



«Fjellsus» damekoret frå Nordsida



Barnedåp for Olai Holand Ulvedal

## Dugnad ved kyrkjene i Olden

Like sikkert som at våren kjem, er det òg at det blir kalla inn til dugnad. Slik også i år.

Måndag 25.april møttest soknerådsmedlemmane, bygdekvinnene og nokre andre frivillege, til eit felles tak på begge gravplassane våre. Vi var 25 personar som raka, trimma tre og busker, og fjerna mykje rusk og rask. Som kjent, so er det; «.... mytji som kjæmm fram når snøen forsvinn...»

Sidan det skulle vere bispevisitas denne veka, var det no ekstra kjekt å få dette unna. Etter ein god time, såg det riktig so bra ut.

Som takk for innsatsen spanderte bygdekvinnelaget og soknerådet pizza på Yris kafè, når vi var ferdige. Det var godt å kome i hus og få både mat og varme i kroppen. Ein kjekk og sosial kveld, i år òg.

*Tusen takk til alle som deltok!*

*Olden sokneråd  
v/Reidun Brynestad*



Dugnadsgjengen i Olden. Foto: Reidun Brynestad

## Nattkafeen på Telegrafen søker klubbleiar

Denne våren har Telegrafen blitt utvida med eit tilbod annankvar fredag. Dette er eit samarbeid med «Open hall», og mange ungdommar har nyttat tilboden, kring 50 kvar gong det har vore ope. KFUK-KFUM og Nedstryn sokneråd står bak tilboden, som blir drive som ein del av klubbtilboden på Telegrafen.

Ein ser for seg eit endå tettare samarbeid i tida framover, der ein ser på heilskapen i klubbtilboden. No skal det etablerast ei styringsgruppe, der representantar for ungdommane også er med. Det er viktig at ungdommane sjølv får

påverke innhaldet i klubben.

No ynskjer vi oss ein klubbleiar som kan ha eit overordna ansvar for klubben, syte for at det er vaksne til stades, gjere innkjøp og legge til rette for det som skal skje. Dette vil bli ei betalt oppgåve. Ta kontakt om dette er noko du kan ha lyst til. Vi ber også andre vaksne og unge vaksne å ta kontakt om dei kan tenkje seg å bruke litt tid på dette. Det ereldig hyggeleg å vere saman med ungdommar i slike uformelle samanhengar.

Eit par gonger i semesteret blir det fredagsgudstenester på Betania. Dette blir i tillegg til

klubbkveldane, og det blir ungdommelege gudstenester med nattverd og mykje song. Vi er glade for at det har lukkast å kome opp med eit godt tilbod for ungdommane på fredagskveldane, og ser fram til gode tider for ungdomstilboden i sentrum ut over hausten.

*No ynskjer vi oss ein klubbleiar som kan ha eit overordna ansvar for klubben, syte for at det er vaksne til stades, gjere innkjøp og legge til rette for det som skal skje. Dette vil bli ei betalt oppgåve. Ta kontakt om dette er noko du kan ha lyst til.*

## Digitalt utstyr i Olden kyrkje

*Olden sokneråd v/Reidun Brynestad*

Det har i mange år vore ønske om å få montert digitalt utstyr i kyrkja vår. Forrige sokneråd gjorde eit godt arbeid her, men fekk avslag frå bispekontoret, på søknaden om montering av projektor og skjerm.

I 2020 mottok vi ei stor pengegåve til nyekyrkja, frå ein utflytt sambygding.

Då spørsmålet om kva desse pengane skulle nyttast til kom opp, vart dette med digitalt utstyr igjen aktuelt.

I samråd med gjevar av gåva, vart det vedteke å nytte pengane til dette. Ny søknad vart send, men denne gongen om lerret i stadenfor skjerm. Dette fekk vi godkjent.

Leiv Arne Egset i soknerådet, og dåverande sekretær Einar Aabrek fekk i oppgåve og innhente pristilbod. Ymse løysingar vart vurderte. Kvar skulle projektoren stå? Trong vi to lerret? Korleis gjere dette minst mogleg synleg? Det estetiske var viktig å ta omsyn til.

Etter ein lang og grundig prosess, enda vi opp med eitt lerret. Dette ser ein frå nesten alle sitjeplassane i kyrkja. Lerretskaisten var måla i ein brunfarge som likna på veggfargen i kyrkja, og viser lite att i rommet. Det vart òg kjøpt PC. Denne vert nytta av den nye sekretären, når den ikkje er i bruk kyrkja. Projektronen vert styrt frå galleriet.

Monteringsarbeidet vart gjort av Birger Skåre, Leiv Arne og Einar.

No har dette vore i bruk nokre gonger, og vi er godt nøgde.

Vi er svært takksame for gåva, som gjorde til at vi kom i mål med dette.



*Leiv Arne Egset, t.v. og Birger Skåre hengjer opp lerrettet*



*Alle foto er tekne av Reidun Brynestad*



*Lerret og prosjektor på plass i Olden kyrkje*

# Kveldsbøner

ei samling av dei mest vanlege

Vår Far i himmelen!  
 Lat namnet ditt helgast.  
 Lat riket ditt koma.  
 Lat viljen din råda på jorda  
 slik som i himmelen.  
 Gjev oss i dag vårt daglege brød,  
 og tilgjev oss vår skuld,  
 slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.  
 Og lat oss ikkje koma i freisting,  
 men frels oss frå det vonde.  
 For riket er ditt og makta  
 og æra i all æve.  
 Amen.

Me slår framfor oss krossen din,  
 og bed så Fadervåret,  
 I Jesu namn me sovnar inn  
 og ottast ingen fåre.

Så kjem Guds englar til oss ned,  
 held vakt kring våre senger.  
 Då får me sovna inn i fred,  
 me er kje redde lenger.

Gud, med oss alle saman ver,  
 så Krist for alle lyser!  
 Gud hjelpe dei som ute fer,  
 og dei som svelt og fryser!

No sovnar far og mor og eg  
 og alle borni dine.  
 I morgen soli vekkjer meg  
 når ho på veggen skine.

Gud som har oss alle kjær,  
 sjå til meg som liten er.  
 Kvar eg meg i verda vender  
 er eg trygg i dine hender.  
 Gråt og glede skifter her,  
 du, vår Far, er alltid nær.

Nu lukker seg mitt øye,  
 Gud fader i det høye,  
 i varetekts meg tag!  
 Fra synd, fra sorg, fra fare  
 din engel meg bevare,  
 Som ledet har min fot i dag.

Eg faldar mine hender små  
 i takk og bøn til deg.

Lat alle barn i verda få  
 det like godt som eg.

Vern alle med di sterke hand  
 mot fattigdom og død.  
 Og hjelp små barn i alle land,  
 og gje dei dagleg brød.

Lat ikkje krig  
 og svolt og sott  
 få rive lykka ned.  
 Lat alle leve trygt

og godt  
 i fridom  
 og i fred.

Kjære Gud, eg har det godt.  
 Takk for alt som eg har fått.  
 Du er god, du passar på meg.  
 Takk at du går aldri frå meg.  
 Pass på liten og på stor!  
 Gud bevare far og mor,  
 og alle barn på jord.

*Marie Johanne Folven har samla samen eindel kveldsbøner  
som det er ynskje om å dele med lesarane av Kyrkjeklokka*

No soli bakom blåe fjell  
sitt ljose andlet gøymer,  
Og mørker over heimen fell,  
og jordi ligg og drøymer.  
Gud, lat di åsyn lysa ned,  
så heilag fred  
inn i vårt hjarta strøymer.

Kom, Jesus, inn  
og med meg ver  
når det til kvelden stundar.  
Og lat din engel standa her  
ved lægjet når eg blundar,  
og vara vel min kvilestad!  
Og vekk meg glad til song  
med fugl i lundar!



Jesus, du er glad i meg.  
Takk for alt eg får frå deg.  
Kom til oss, som du har lova.  
Ver hos meg når eg skal sova.  
Hjelp kvart barn på denne jord,  
sysken, venner, far og mor.

Skriv deg, Jesus, på mitt hjerte,  
du min konge og min Gud.  
At ei lyst, ei heller smerte,  
deg formår å slette ut!  
Denne innskrift på meg sett:  
Jesus ifra Nasaret,  
den korsfestede, min ære  
og min salighet skal være.

Kjære Gud Fader i himmelens slott  
Takk for i dag,  
eg har hatt det så godt.  
Jesus, vil du no igjen tilgje meg at  
eg i dag har bedrøva deg.  
Send dine englar å la passe på  
alle dei store og alle dei små.  
Så kan eg sove så trygt og så godt,  
kjære Gud Fader i himmelens slott.

Kjære Gud Fader i himmelens slott  
Takk for i dag,  
eg har hatt det så godt.  
No må du ikkje vere vond mot  
meg om eg i dag har bedrøva deg.  
Så vil eg igjen vere god og snill, det  
må du Jesus hjelpe meg til.  
Send dine englar osv.



Å, ver hjå meg,  
for no er kvelden nær.  
Og snart det mørknar,  
Herre, hjå meg ver.  
Når all mi hjelp og trøyst  
har flydd sin veg:  
Du hjelp for hjelplause:  
Ver hjå meg.

Når jeg legger meg til hvile  
tretten engler om meg står:  
Tvenne ved min høyre side,  
tvenne til min venstre går,  
to på vakt ved hodeputen,  
to ved foten, dessforuten,  
to meg dekker, to meg veker,  
en meg viser  
alle himlens paradiser.

## Altertavla i Nordsida kyrkje

av Gunnhild Bergset



Altertavla slik den framstår i dag. Til venstre i biletet ser vi prosesjonskrossen, designa av Magne Viggo Kristiansen etter same enkle og stilreine utforming for å passe til kyrkja og altertavla. Prosesjonskrossen vart presentert og teke i bruk under 40 års feiringa for kyrkja 7. desember 2013

Då Nordsida kyrkje vart innvigd 9. desember i 1973 var det eit enkelt metallkors i stål-farge som pryda veggen bak alteret. Den gongen tok ein seg ikkje tid og råd til noko meir, men planane om ei vakkert og symbolrik altertavle låg der og modnast etter kvart.

Sokneråd og utsmykkings-nemnda arbeidde med saka og våren 1982 vart det presentert ein modell laga av kunstnaren Ingegerd Pettersen-Hagh som hadde blitt kontakta på anbefaling av dåverande kyrkjekonsulent Sigurd Muri. Kyrkjelydsmøte for Nordsida sokn i april 1982 vedtok samrøytes å satse på

dette forslaget som var enkelt og stilreint i utforminga for å passe til kyrkja sin enkle arkitektur.


Deretter la teikningane og modellen til altertavla ut på den formelle godkjenningsrunden som må til for kyrkjeleg utsmykking.

Forslaget til kunstnar Ingjerd Pettersen-Hagh frå Drammen (1919-2009) vart godkjend. Ho har laga fleire offentlege verk og denne altertavla vart planlagt i treverk (furu) med glasmosaikk i messingrammer. Glaset som vart brukt er kalla La Dalle-glas ein teknikk som vart utvikla av Jean Gaudin i Paris på 1930-talet. Glaset er i liturgiske

fargar og utforma som kuber.

Altertavla innehold mange kjende kristne symbol. Korset står sentralt, og dette, saman med kalken og brødet, er utført i glassmosaikk i messingrammer. Treverket symboliserer vegen der den smalnar inn, via korset til Gud, men blir breiare etter forløysinga. Ein kan tenkje seg framhaldet oppover mot taket i den spesielle arkitekturen på kyrkja. Trekantar symboliserer treeininga. Fleire treribber pregar tavla, og dette går att fleire stader i kyrkjerommet.

Altertavla er i det heile utarbeidd i samsvar med den spesielle stilene i Nordsida kyrkje.



Ei av arbeidsteikningane til Jarle

Dette var nøye uttenkt av kunstnaren som var på besøk i kyrkja fleire gongar i løpet av prosessen med utarbeiding av altertavla.

Då modellen var ferdig godkjend var spørsmålet kven som skulle utføre treverksarbeidet. Ingegjerd Pettersen-Hagh mente det måtte finnast ein lokal snekkar som kunne gjennomføre dette. Dermed fekk Jarle Myklebust spørsmål om å utføre dette ærefulle oppdraget. Jarle gjekk inn for oppgåva med liv og lysst, og tallause timer tilbringa han i snekkarbu si for å arbeide fram dette kunstverket i pinleg nøyaktigkeit. Familien har i seinare tid funne arbeidsteikningar som Jarle jobba etter, mellom anna den vi ser avbilda her. Ikkje alt let seg utføre i treverk slik det var teikna, men i tett samarbeid med kunstnaren fekk Jarle gjennomført arbeidet i god tid til innviinga av altertavla på 10-årsju-bilet for kyrkja i desember 1983.

Ingegjerd Pettersen-Hagh, som sjølv laga glasmosaikken til altertavla, var med å montere

dette inn i treverket. På innviinga sa kunstnaren: «*Det er ei stor oppgåve og eit stort ansvar å lage ei altertavle,- både overfor kyrkjelyden og overfor Herren. Men eg håpar altertavla vil vere til glede for alle saman og aller mest til ære for Vår Herre!*»

Vidare gav kunstnaren ære til Jarle Myklebust som utførte trearbeidet. «*Det er den materielle*

*utførelsen som Jarle har gjort her som gjer altertavla til det vakre kunstverket det framstår som i dag. Det er utført med ein presisjon og ein respekt som ein sjeldan ser».*

«*Altertavla i seg sjølv er ei estetisk nyting. Og med symbolikken i tillegg er den med på å forkynne evangeliet*» sa soknerådsformann Alv O. Bergset då altertavla var koma opp på veggen bak alteret.

Vi som sit og ser på denne altertavla når vi er i kyrkja, finn noko vakkert å kvile augene på. Det er som den har vakse ut av kyrkje-arkitekturen og ut av Jesu ord i Joh.14.6: «*Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til faderen utan gjennom meg*».

Vi er stor takk skuldig til kunstneren Ingegjerd Pettersen-Hagh og vår eigen handverkar Jarle Myklebust, - i tillegg til dei som stod for planarbeidet på førehand, for at dei utførte arbeidet med den vakre altertavla vår.



Kunstnaren Ingegjerd Pettersen-Hagh og handverkaren Jarle Myklebust ved altertavla på innviingsdagen 11. desember 1983

## Prosesjonskrossen i Nordsida kyrkje

av Knut Sigurd Gald

Når altertavla i Nordsida kyrkje no vert presentert, er det naturleg å også nemne prosesjonskrossen som står ved sia av altertavla i kyrkja.

Etter ein idé av dåverande sokneprest Jon Ytrehorn under Jon si avskildsgudsteneste i 2007 starta utval for utsmykking og utstyr, i samarbeid med soknerådet, å planlegge prosesjonskross til Nordsida kyrkje.

Magne Kristiansen vart engasjert til å designe ein prosesjonskross. Den skulle ha i seg dei rette linjene i kyrkja og altertavla, og glasdelen skulle ha element frå glaskunsten på altertavla.

Etter eit par rundar med søknad til biskopen, der soknerådet i første forslag fekk avslag, kom endelig godkjenning i november 2011. Då hadde det gått så pass lenge sidan utvalet begynte å planlegge, at ein passande muligheit til å få krossen på plass vart til 40-års feiringa til kyrkja i desember 2013.

Fart i sakene vart det tidleg på hausten 2013, då utvalet fekk på plass glaskunstnar og handverkar. Hege Hegghem Ulvedal tok på seg å lag glaskunsten med eit symbol i kvar av glasa: "brød",


"kalk", "anker" og "hjarte". Stryvo laga "holkane" og Jens Rausenbach laga alt i tre, lakkerte og sette saman heile prosesjonskrossen.

Skråstaga i prosesjonskrossen var først teikna breiare, men vart gjordt om på slik at glaset kom betre fram og dermed betre til

sin rett. Skråstaga vart smalare og nettare enn opphavleg teikna.

Under 40-års feiringa 7. desember 2013 vart så prosesjonskrossen presentert av utvalsleiar for utsmykking og utstyr i Nordsida kyrkje Knut S Gald. Den vart teke i bruk allereie neste dag under jubileumsgudstenesta.

### Arbeidsteikning



Magne Viggo Kristiansen si reviderte arbeidsteikning som vart grunnlaget for utforminga av prosesjonskrossen som vart presentert under 40 - års feiringa 7. desember 2013

RETT STATISTIKK HORNINDAL	2021	(2020 )
Døpte	10	(16)
Konfirmerte	11	(13)
Vigde	2	(1)
Gravferder	17	(16)
Gudstenester	21	(19)
Deltakarar ved gudst.	893	(930)
Gudstenester med nattv.	10	(5)
Nattverdgjester	143	(77)
Offer/kollekt	26666	(22976)

## Renovering av Nordsida kyrkje

av kyrkjeverje Kari Synnøve Muri

I månadsskiftet mai/juni starta renoveringen av Nordsida kyrkje, for å utbetre skadene etter den store vasslekken i påska.

Det er firmaet Recover som, på oppdrag frå forsikringsselskapet, har ansvaret for gjennomføringa. Dei koordinerer arbeidet og har dialogen med kyrkjeverje, som igjen har tett kontekt med soknerådet.

I etterkant av skaden har det vore peika på den store innsatsen som vart gjort av dei første som kom til, og dei som vart tilkalla. Fagfolk stadfestar at "alt vart gjort heilt rett" av dei som kom og hjelpte til påskeafta ettermiddag, innsatsen i akuttfasen gjorde at skadene vart så avgrensa som råd.

Kyrkja har tørka bra opp, men

det er ikkje full oversikt over utbetningsbehovet før ein avdekker alle flater og fagfolk får gjort detaljvurdering av tilstanden.

Arbeidet er i gong, og handverkarar vil jobbe utover sommaren etter kvart som ein ser skadeomfanget og kva som konkret må gjerast. Både orgel og elektrisk anlegg blir grundig undersøkt for fukt og skade, og soknerådet – saman med fagfolk – blir involvert i prosessen med materialval og andre detaljar.

Ingen kan førebels gje noko tidsramme for arbeidet. Guds-tjenestene i juni og juli vert haldne i friluft. Andre kyrklege handlingar og gudstenester utover hausten blir flytta til andre eigna lokale. Dette vert kunngjort etterkvart.



Rune Roset ser på resultatet av vasskaden som skjedde i påska

## Nye kompostbingar på gravplassane

På gravplassane i Loen og Nedstryn har det i løpet av våren blitt laga nye kompostbingar. Vi har eit ynskje om å legge til rette for alle som steller graver på gravplassane, samtidig som vi utnyttar naturressursane betre. Det blir alltid ein del avfall i samband med stell av graver på gravplassen. Slik det er no, går det aller meste i restavfallet. Ved

at planteavfall blir sortert ut og lagt i kompostbingen, blir det mindre søppel til levering, og gravplassarbeiderane får enkel tilgang på gjødsel. Dette er både kortreist og berekraftig.

For at dette skal fungere, er vi avhengige av at publikum sorterer avfallet riktig. Det er kun planteavfallet som skal i kompostbingen. Alt anna skal i restavfallet – inkl. streng, isopor, plastdekor, blom-

sterpotter osv. For å gjøre dette så enkelt som råd, blir dunken for restavfall plassert rett ved sida av kompostbingen. Vi håper dette legg til rette for at alle som steller graver på kyrkjegarden, gjer sitt til at denne ordninga kan fungere etter intensjonen.

Planen er å få til ei god sorteringsordning på alle gravplassane. Nokre stader blir det kun ei oppgradering av ei ordning som alt er etablert. Dette blir gjennomført i samråd med sokneråda i løpet av haustsesongen og eventuelt til våren igjen.

Kyrkjeverje



Her kan gras o.l. tippast rett i



Thomas Zuijdam er vikar som gravplassarbeidar, og har vore pådrivar for å lage nye kompostbingar. Her frå Loen gravplass.



## Konfirmantar 2022



Innvik 14. mai  
2022

F.v.: Elisabeth Skarstein (kyrkjelydspedagog), sokneprest Harald Runde, Anders Langø Hogrenning, Kristian Vargas Skåden, Emilie Hammer Moen, Mathias Hammer Bergh, Magnhild Bøe Røyrvik og Jardar Lyslo Søndenå. Foto: Geir-Ståle Vatnamo



Loen 14. mai  
2022

Første rekke: Frida Sande Hoem, Jonas Sande Hoem, Maja Sønsterudbråten-Skåden, Sofia Inthira Hogrenning, Aurora Sanden Rake  
Andre rekke: f.v. Henny Koppen, Catrin Sanden, Kevin Tendeland, Andreas Torsheim Nystøy, Dina Brattaker Loen. Foto: Ole Eltvik

## Konfirmantar 2022



Oppstryn 8. mai  
2022

Frå venstre; Sokneprest Henny Koppen, Helga-Linnea Kveen Øvre-Flo, Ella Solheim Kveen, Tanita Bøe Rake, Daniel Mindresunde Guddal, Synne Hjelmeseter Garlid, Martine Skåre, trusopplærar Guro Petronella Nordnæs-Enerhaug. Foto: Christopher Garlid

Utvik 7. mai  
2022

T.v. Sokneprest Harald Runde, Hauk Magne Hegdal-Verlo,  
Brita Kårstad og Kyrkjelydspedagog Elisabeth Skarstein.  
Foto: Maria Kårstad Sunde



## Konfirmantar 2022



Nedstryn 7. og 15. mai  
2022



1. rekke f.v: Inge Henrik Egge, Linnea Lindvik Aaning, Lukas Tansøy Veum, Kine Mikkelsen, Rasmus Loen, Frida Indrebø Heisig, Joshua Liam Lindvik, Emma Bergh Hagen

2. rekke f.v: Beate Nes (kateket), Brage Holmøyvik, Leah Sofie Erdal-Henriksen, Martinus Myklebust Hesjedal, Marius Konstali-Lødemel, Oline Sæbø,

Markus Lindvik Edelston, Sebastian Nesje, Henny Koppen (prest)

3. rekke f.v: Amalie Hjelmeseter Oppedal, Adelin Slettenes Flore, Tuva Elise Tvinnereim Sæverhagen, Klara Bergem Bø, Veslemøy Tilde Belden Ulen, Emma Berstad Hjellbakk, Trygve Foss Hagen, Gustav Fredheim

4. rekke f.v: Kristin Almskår, Kasper Egge Gjervik, Simen Reed Hopland, Emma Josefin Berg Hestad, Johanne Lunde Sætre, Karsten Hauge, Tomas Eikenes Tjellaug

5. rekke f.v: Kristian Brynestad Sunde, Eskil Espe Vonheim, Mikael Nedreberg Holmøy. Foto: Ole Eltvik

Randabygd 14. mai  
2022

Frå venstre: Mathias Olsen Skrede, Mads Adrian Brendehaug Lysen, Georg Hopland og Johanne Normann Hellevang.  
Foto: Malene Hopland

## Konfirmantar 2022



Nordsida 15.  
mai 2022

Frå venstre nede:

Madeleine Steinsåker Veddegerde, Vilde-Arine Sølvberg Slettenes, Tale Nyberg, Thea Dispen Lødemel

Frå venstre opp:

Jonathan Blakset, Haakon Ulvedal, Johannes Roset-Hansen, Einar Johan Steinsåker. Fotograf: Anders Flore



Olden 15. mai  
2022

Frå venstre: Kyrkjelydspedagog Elisabeth Skarstein, Håvard Egset, Sander Rustoen, Hedda Fredheim  
Klaesson, Helene Sunde, Peder Jakob Brynestad-Røyrvik, sokneprest Harald Runde.

Foto: Lene Øyaland Egset

## Trufast og godt likt organist takkar av av Anne Lødemel Honningsvåg

Søndag 3. mars var det tid for avskil med Anitha Kvamme, som etter nesten 20 år som organist i Hornindal vart pensionist.

Fyrst var det gudsteneste ved sokneprest Per Kristian Hovden Sætre, som takka henne for godt utført arbeid. Og ved orgelet sat organistkollega Bert Handrick.

Etter gudstenesta hadde soknerådet stelt i stand kyrkjekaffi på Kyrkjelydsstova.

Her fekk Anitha takk og gåver frå Elsa Aslaug Ommedal på vegne av soknerådet og kyrkje-lyden, kyrkjeverje Jostein Stråbø på vegne av fellesrådet, og Anne Lødemel Honningsvåg som har arbeid saman med henne gjennom alle desse åra.

I si takketale sa Anitha at ho har likt seg godt som orga-

nist i Hornindal, men at det til tider kunne være ei utfordring med den lange arbeidsvegen frå Oldedalen til Hornindal.

Anitha er godt likt av kyrkje-lyden, og ein trufast medarbeidar for oss i kyrkja. Saman med

Jon Ytrehorn var ho gjennom ei tid med stadig skifte av prestar. Desse var også gode å ha som støttespelarar.

*Vi takkar Anitha for godt samarbeid, og ynskjer henne lykke til med pensjonisttilvære.*



På bildet ser vi Anitha Kvamme ved pianoet under allsangen. Foto: Bengt Flaten

## Tonesett av Øystein Frivold

Frå heftet til 100 års jubileet for Randabygd kyrkje, har Kyrkjeklokka fått tillatelse av dåverande soknerådsleiar Reidar Magne Sørland å trykke desse to melodiane med tekst av Rolv Tvinnereim for "Eg ber ein draum" og Bodvar Sølvberg for "Då Gud skapte", og som Øystein Frivold satte tone til.

**Eg ber ein draum**

Rolv Tvinnereim

D E-moll A7 D D7

G E-moll D E-moll A7

D-h-moll E E-moll-A7 E-moll A7

Fiss7 H-moll E-moll A7 D

Øystein Frivold 14/2-11

Lyrics:

an - ga av jord og dyr. og bjøl - le - klang gjen - nom mor - gon -  
kv - a seg smaug, så lett. der grin - de - le - et som let og -  
steig gjen - nom gras og tre. og va - re stieg o - ver vol - len -  
ta - ket og torv og strå. der tom - mer - veg - gen frå far - ne -  
skjelv inn - for veg - gen - der. Ho skin - i - mot meg i stil - le

stil - la - nár dog - gi glit - ra i gras og myr. og bjøl - le - klang gjen-nom mor-gon -  
rik - slá vart song og to - nár i hær-ta mitt. der grin-de - le - et som let og -  
rus - la - og skog og fjell an - da ro og fred. og va - re stieg o - ver vol - len -  
ti - der ber man - ge mer - ke i ve-den grå. der tom-mer - veg - gen frå far - ne -  
stun - der, ho er mi ei - ga sá rik og kjær. Ho skin - i - mot meg på stil - le

**Då Gud skapte**

Bodvar Sølvberg

C7 F C Dm B F Dm

Vo. V1-Da Gud skapte ro - ser og stei - na-ne gri, da tenk - te han kan - skjemed  
V2-Du Gud skapte bi - z og gro - kan-de gra - set, da tenk - te han gjer - ne - at  
Gm-C C7 F C Dm B F C7

Vo. seg - at mok - re lyt to - le å bli trak - ka på, men an - dre skjal ly - sa flet  
an - kan - sum - me fly - ru - nolt - on og sur - re op ma - se men an - dre stå fast - rot i  
F C7

Vo. meg - (B) Gud skapte mak - ken og fly - gam - de svia la, så tenk - te han kan - skjemsom  
gro - (D) Gud skapte sko - gen og lya - gen og bix - ia, og (B) det han gjer - ne - at  
F C7 F Dm C C7

Vo. si. At som - me i mor - ker lyt gru - va og hu - la, men sen - gen skal opp - til meg  
velf - (F) B - P C7 F B C7 B Om F Dm

Vo. nä. V2-Da Gud skapte man - go slag fi - ne tingfer, men den gangen han skapte  
sjøl. Gm C7 F C B Gm F C C7 F

Vo. deg, di trur eg at han var i godt hu - mor, og at han tenk - te på meg. Og  
B F B F B C7 F B F

Vo. Han bes sin liv - pist i na - sa del - ra, La ord og to - mar i dei - ra munne  
B C7 F Dm Dim7 B Gm C C7 F

Vo. Nu kan xi tak - ku og lov - syn - gahaan, og til - be han av hjar - te gramm

Frå diktboka Mot dag Øystein Frivold

## Årsmøtefest på Loen bygdehus

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

Det er kjekt å kome på kyrkje-lyden sitt årsmøte i Loen. Der møter ein engasjerte og aktive soknerådsmedlemar og mange friviljuge medhjelparar.

Årsmøtet starta med gudsteneste der konfirmantane i lag med soknepresten gjekk inn i prosesjon med kors, lys og blomar. Framme på alterbordet sette dei frå seg lysa, som dei tende, og blomane.

Gudstenesta var tilrettelagt også for born der sokneprest Henny Koppen skildra forteljinga om Josef og brørne hans. Preika vart visualisert på skjerm med flotte teikningar av Josef og alt det som hende med han og brørne. Ei fantastisk sterk forteljing som dei aller minste også fekk med seg.

På gudstenesta fekk vi flott solosong av Malene Haugen. Medliturg og klokkar var Jan Gudmund Skrivervik. Organist var Anders Viktor Kvile. Både organisten og Malene Haugen fekk velfortent applaus for framifrå innsats. Inger Rake var som vanleg den trufaste kyrkjetenaren.

Etter gudstenesta var det eit kort årsmøte, der møteleiar Målfrid R. Sæten las opp årsmeldinga for Loen sokneråd for driftsåret 2021.

Og så kom det som mange venta på; eit stort og langt matbord med gode smørbrød og verdens beste kaker frå Loen! Det var niande-klassingane og deira foreldre som stelte i stand denne velsmakan-de maten, der inntekta gjekk til skuletur. Under matøkta blei det selt årar ved borda. Dei minste borna fekk vere med å dele ut gevinstane. Dette likte dei.

Loddsal på bok høyrer også med. Lokale bedrifter hadde gitt flotte gevinstar. Denne søndag ettermiddag pynta bra på økonomien til soknerådet.



Aktive medhjelparar i gudstenesta. F.v.: sokneprest Henny Koppen, solist Malene Haugen, medliturg Jan Gudmund Skrivervik og organist Anders Viktor Kvile



Eit velfyldt matbord



Åresalet engasjerte alle



Utdeling av gevinstar av små hender

## Bispevisitas i Stryn onsdag 27. april – 1. mai

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo



«Dette er dagane som  
Gud har gjort»

Klapp, alle hender, i glede!  
Dette er dagen Gud har gjort.  
Dette er dagen da Jesus  
åpnet for alle livets port.  
Jesus stod opp igjen.  
han er her, Halleluja!  
Jesus stod opp igjen.  
han er her, Halleluja!

27. april skulle Nordsida kyrkje ta imot biskop Halvor Nordhaug. Men p.g.a. lekkasje i Nordsida kyrkje, måtte gudstenesta for staben denne onsdagen flyttast til Innvik kyrkje. Biskopen sitt møte med staben vart lagt til Innvik Fjordhotell. Vår Far i himmelen hadde lagt til rette med varmt solskin og lagleg ver denne dagen.

Eit av høgdepunkta under visitasen var biskopen sitt møte med konfirmantane. I preika si tok Nordhaug utgangspunkt i likninga om «Den bortkomne sonen», som ikkje lenger ville

vere heime. Han forlanga arven sin og drog utanlands. Biskopen var veldig direkte og sa om den bortkomne sonen at han brukte pengane på jenter, vin og sang. Sonen rett og slett ødsla arven sin bort. Til slutt måtte han ta til takke med å jobbe i eit grisefjøs for å tene til livets opphold. Men det varte ikkje lenge før den bortkomne sonen forstod at eigentleg så hadde han det betre heime. Han valde difor å reise heimatt til far sin. Som vi veit, faren sprang han i møte, bad tenarane om å finne dei finaste kleda og slakte gjøkalven. No

skulle dei feire at den bortkomne sonen var kumen heim!

Biskop Nordhaug var tydeleg på kor viktig det er å tilgje når noko går gale i livet. I starten på preika gjekk biskopen bort i skattkista på alteret og fann fram to figurar. Den eine var ein gris og den andre figuren var eit hjarte. Hjartet symboliserte forståing og tilgjeving. Her var vi ved kjernen i preika. Difor var det veldig sterkt og talande å lese det banneret som konfirmanthane sjølve hadde laga. Der stod det: «Velkommen heim».



Halvor Nordhaug – med hjartet og grisen i starten av preika han held for konfirmanthane

## Visitaspudstenesta ved Sagedammen

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

Det samla seg mykje folk til visitaspudstenesta. Omtrent alle trebenkane var fullsette. Området ved Sagedammen er ei sjeldan naturperle og vart ei flott ramme rundt gudstenesta.

Barn frå fleire sokn utgjorde eit stort barnekor som presenterte flotte taktfulle songar. Dei trufaste musikarane frå kulturskulen spela også denne dagen.

Til slutt i gudstenesta reiste vi oss og song Nordfjordsongen. Samværet vart avslutta med kyrkjekaffi, grilling og aktivitetar for borna.



Tribuna i Sagedammen var bortimot fullsett

*Visitaspudstenesta ved Sagedammen er ein av dei siste for Halvor Nordhaug. Når årsskiftet nærmar seg vert han pensjonist. Avskildsgudstenesta for biskop Halvor Nordhaug vert 20. november 2022.*

*Det er gått ut brev frå bispedømerådet til sokneråd, prestar m. fl. med oppfordring om å føreslå kandidatar til stillinga som ny biskop. Dei ønskjer også innspel på kva dei skal vektlegge og kva eigenskapar ein biskop burde ha når dei skal sjå etter ny biskop. Fristen er 1. september 2022. Namneforsлага blir presenterte den 7. september 2022.*

*Bispedømerådet ber om at du brukar skjema som ligg på [kyrkja.no/bjorgvin](http://kyrkja.no/bjorgvin) for å svare Alle kan sende inn forslag.*



Barn frå fleire sokn i Indre Nordfjord utgjorde eit stort barnekor

## Visitasforedrag ved bispevisitas i Stryn 1. mai 2022

Kjære kyrkjelydar!

Takk for fine visitasdagar her i Stryn. Det er imponerande alt det de får til i sokna her. Eg har fått oppleva fine gudstenester både i Innnvik, Olden, Nedstryn og i kulturhuset. Eg har hatt gode samtalar med staben og sokneråda på torsdag og møtte dei unge både på ungdomsklubb på fredag og på skulegudssteneste. Og ikkje minst fekk eg med meg ein flott frivilligfest på onsdag. Eg har møtt lokalsamfunnet gjennom gode møte med kommunen og med lærarane og ved besøk på arbeidssenteret.

Etter ein visitas skal biskopen oppsummera sine inntrykk i dette visitasforedraget, som er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Mari Saltkjel.

### Gudstenestelivet

Gudstenesta er hovudsamlinga og navet i kyrkja for der samlast me for eit møte med Gud. Der får me gje Gud ære og lovesong og takk. Der får me høyra evangeliet om frelsa i Jesus Kristus, ta imot nattverdens gave og legga våre liv fram for Gud i bøn. Der finn me styrke og næring for trua.

På torsdag snakka eg med sokneråda om kva som ein kan gjera for å laga gudstenester folk gjerne deltar på. De er gode på friluftsgudsstenester og stølsmesser, der kjem det folk, men kva med dei vanlege søndagane? Det kom mange gode forslag som sokneråda må ta med vidare inn i arbeidet. Eg vil ta fram tre som kan nyttast i alle sokna:

Nordsida hadde planlagt ei spørjeundersøking. Det er ein god ide. Den må de gjennomføra. Lytt til kva folk seier om gudstenesta, og ta dei på alvor. Det er neppe alle forslag ein kan følge opp. Ikke alt i gudstenesta er til forhandling, men ein kan gjere ein heil del for å skapa ei meir levande og engasjerande gudsteneste.

Den andre ideen er gamal, men li-

kevel god: Meir kyrkjekaffi. Som ein sa: «Då skjer det noko meir sosialt enn å sjå folk i ryggen». Kyrkjekaffi med kjeks er eit fellesskapsbyggande og diakonalt tiltak som gjer gudstenestedeltaking til ei rikare oppleveling. Etter pandemien må me skapa gode møtestader. Det er ikkje vanskeleg å organisera, nokon må setja på kaffitaktaren og opna kjekspakkar, kanskje flytta ein benk for å få plass, og så må ein ha det gode diakonale blikket og sørga for at ingen vert utanfor.

Det tredje forslaget er det mest opplagte: De må gå til gudsteneste sjølv, både for dykker eigen del og for å gje Gud ære. Det er eit vitnesbyrd for bygda om at gudstenesta er for alle. Der fleire går, kjem fleire til.

### Vaksenundervisning

Folk treng gode fellesskap, men dei treng og påfyll av kunnskap om trua. Gudstenesta gjev ikkje nok, og stadig færre går på andre kristne møter eller les kristen litteratur. Det trengs samlingar med låg terskel utanom gudstenestesta der folk kan stilla spørsmål og snakka om trua og livet, og alt som høyrrer til under dei omgropa, og det er mykje. Kanskje er det lurt å samarbeida mellom sokna om slike kveldar og prøva ut ulike måtar å gjera det på. Det finst og gode digitale ressursar som ein kan ta utgangspunkt i.

### Trusopplæring

Det er eit imponerande trusopplæringsarbeid. Det er flott at sokna har gått inn med ekstra midlar slik at ein får ein større ressurs til trusopplæringa. Det har gjort at de har fått til eit grundig og systematisk arbeid over tid slik at de har fått til ein trusopplæringsplan som lever og fungerer.

Eg likte godt den ideen om at det er laga malar for ulike trusopplæringsopplegg slik at det kan gjennomførast i sokna utan at kateketen eller kyrkjelydspedagogen er der.

Eg vil og gje ros for at de brukar

sosiale medier aktivt og er til stades på Tic-Toc og andre digitale arenaer der born og foreldre er. Pandemien har lært oss at det er viktig å ta i bruk nye kanalar for informasjon og relasjonsbygging, men også å tilbod på nettet for dei som ikkje kan møta opp.

### Kontinuerleg barnearbeid

Her i Stryn kommune er det eit godt kontinuerleg arbeid med både speidar, sondagskule, barnekor, Ten Sing og ungdomsklubb. Eg vil gje ein stor honnør til alle dei som er med å driva dette arbeidet. Det er til stor velsigning, takk skal de ha. Og eg vil oppfordra fleire til å bli med slik at ikkje noko av dette gode arbeidet må leggast ned fordi det manglar frivillige.

### Konfirmasjons- og ungdomsarbeid

Det er svært høg konfirmasjonsprosent og det betyr at det er eit fint opplegg som har eit godt rykte. Det fekk eg sjå sjølv på samtalegudsstenesta i Kulturhuset på onsdag. Eg vil gje ros for eit godt og kreativt arbeid frå kateketen og dei andre gode medarbeidarane.

Den største utfordringa for kyrkja vår er å halda kontakten med ungdom etter konfirmasjonsalder. Difor er det eit godt tiltak at de har ein lågterskel ungdomsklubb i Stryn sentrum som eg fikk vitja fredag kveld.

Me har bak oss to år med pandemi der det har vore vanskeleg å driva leiarstrening slik som før. Men no er tida inne for å starta med leiarstrening eller liknande tiltak som kan føra dei interesserte ungdomane vidare så dei kan veksa itru og deltaking.

### Diakoni

Den store og gode satsinga på born og unge gjer at det ikkje vert så mykje trykk på diakonien, men så langt eg har registrert er det likevel mykje godt diakonalt arbeid med blomehelsingar, besøk,

aldersheimsandaktar og ulike samlingar. Eg ser av visitasmeldinga at Innvik og Olden har diakoniplanar og Nordsida har diakoniutval og i Randabygda er det soknerådet som er diakoniutval. Kanskje nokre av dei andre sokna og har slike utval. Det vil eg anbefala, det er i alle fall eit godt utgangspunkt for diakoni-arbeidet.

### Kyrkjemusikk

Her i Stryn har de dyktige kyrkjemusikarar som er med å heva gudstenesteopplevinga og som bidrar til eit blømmande kyrkjelydsarbeid gjennom ulike musikkjangler, med band, med song og kor og konsertar. Det er og mange frivillige som bidrar gjennom impone-rande innsats slik at ein får til å ha seks barne og ungdomskor. Bravo!

### Gjevarteneste

Det står i rapporten frå Innvik: «Pengar i kassa er alltid eit tema». Det er så sant, så sant. Dei sokna som vil noko treng pengar i kassa, treng økonomiske musklar. Sjølv om me skal vera glade for det kommunen finansierar, er det ikkje nok.

Difor er det fint å lesa i visitasmel-dinga at de har gjevarteneste både i Innvik og Olden, men summane er ikkje så opploftande. Her er det potensiale for mykje meir. De er rett nok flinke til å samla inn pengar via utloddning, basarar, julemes-ser og kalender. Og de har eit felles prosjekt der de samlar inn ekstra midlar til trusopplæring. Men tenk kva de kunne få til dersom de hadde faste gjevarinntekter. Her vil eg utfordra dykk til å få sving på gjevarteneste og invitera fleire til å bli med. Erfaring viser at folk vil vera med å gje når dei ser at det gjer ein forskjell, når foreldre ser at det vert gode tilbod for born og unge eller når ein ser at diakonien når lenger. Difor må ein spissa gjevartenesta og legga til rette for at folk kan gje til det som ligg deira hjarta nærest.

De må invitera frimodig til ei

fast gjevarteneste der folk kan gje på automatisk trekk kvar månad. Prestane må forkynna om dette og sokneråda må legga til rette. Då kan de få midlar til alt det kyrkjelydsbyggande arbeidet de skriv i visitasmeldinga at de ynskjer, til barn og unge og til diakoni, til kyrkjemusikk.

### Takk til kommunen

Eg vil takka kommunen for eit godt møte med ordførar og kommunaldirektør. Eg hørde der at kommunen har ein god dialog med kyrkja, og at ein ser dei utfordingar kyrkja har med vedlikehald av kyrkjene. Eg vil be om at kommunen får inn i reguleringsplanen ei tomt til eit kyrkjelydshus i Stryn sentrum i framtida. Det vil gje eit godt tilskot til bygda og kyrkjelydsarbeidet, så det gjeld å få det inni planane no.

### Takk

Til slutt vil eg seia takk til alle som har bidratt til denne visitasen. Takk til prestane, kyrkjeverja, og resten av staben og sokneråda og alle trufaste frivillige medarbeidarar som har lagt til rette for gode visitasda-gar. Og særleg takk for den jobben de står i heile året. Eg vil også takka for ei informativ visitasmelding.

Takk og til Mari prost som har vore med på sin første visitas og som har lagt til rette og vore med heile vegen

og held si hand over kyrkjelydane i Stryn når biskopen ikkje er her.

### Utfordingar

Og så nokre utfordingar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordingane:

- Gå til gudsteneste regelmessig, for deira eiga skuld og for Guds skuld. Bygg fellesskapet ved å spørja folk kva dei ynskjer og lag kyrkjekaffi.
- Lag samlingar for vaksne utanom gudstenesta med samtale og undervisning om tru og eksistensielle spørsmål.
- Få opp eit tilbod om leiartrening for ungdom etter konfirmasjonsar-beid.
- Få i gang ei målretta gjevarteneste, og forkynn fram gjevargleda.
- Arbeid for å få eit kyrkjelydshus i Stryn sentrum.

Med desse utfordingane takkar eg for meg og reiser frå Stryn med mange flotte inntrykk frå desse dagane. Her skjer det utruleg mykje godt og byggande arbeid for samfunnet innfor Guds rike. Måtte det halde fram og vokse vidare! Eg reiser glad og oppløfta frå sokna i Stryn kommune, og ynskjer Guds velsigning over kyrkja og folket her.

*Bjørgvin bispestol, 1. mai 2022  
Halvor Nordhaug*



*Biskop Halvor Nordhaug i front, t.v. bak prost Mari Saltkjel og organist Anders Viktor Kvile*



Viles

# Bibel saman!

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

## Sølpengen som vart attfunnen

Gjenfortelling av Lukas 15,8-10 ved kateket Beate Nes

Jesus fortalte ofte historier for å hjelpe venene sine til å forstå det han ville lære dei. Du hugsar kanskje fortellinga om den gode gjetaren med dei hundre sauane, eller fortellinga om sonen som kom heim. I dag skal du få høre ei av dei andre fortellingane som Jesus fortalte. Den liknar litt på dei andre fortellingane.

Denne gongen handlar det om ei kvinne som har ti sølvpengar. Ein dag oppdaga ho at ho har

mistar éin av dei.

Mynten var verdifull, så ho byrjar leite med ein gong. Ho tende ei lampe og sopa heile huset og leita i alle dei mørke krokane i huset sitt. Ho løfta på teppe, rydda og gav seg ikkje før ho fann den.

Der inne, under godstolen, ser ho den. Ho vert så glad, at ho spring ut og roper til seg veninene og nabokonene og seier: 'Gled dykk med meg! Eg har fun-

ne att det pengestykket eg hadde mista. Kom, lat oss lage feire og lage fest!

Kva trur du Jesus ville lære venene sine med desse historiene?

Han sa til dei. «På same måten som kvinna leita etter sølpengen, og vart glad når ho fann den, på same måten er det stor glede i himmelen når ein som har vore borte frå Gud, kjem attende.»





# BARNAS

## Labyrint

Hjelp Kaptein Klo å finne skatten!



## Finn fem feil!

Her fortel Jesus ein historie til folket. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Asbjørn Tønnesen



## Vits

– Kor kjem  
dei våte fotspora på  
teppet frå?  
– Eg veit ikkje. Dei  
har følgd etter meg  
heilt sidan eg hoppa  
i den sølepytten.


Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



## Prikk til prikk



Nedstryn kyrkje blir open i sommar frå 1. juli til 14. august

# OPEN KYRKJE CHURCH

10.00 - 18.00



**INNNVIK  
FJORDHOTEL**  
Misjonsheimen

**Catering: koldtbord, snittar, kaker m.m.**  
**Fødselsdagar, selskap, møte og kurs.**  
**Innnvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS**  
**6793 Innnvik, tlf. 57 87 49 90**  
**e-post: [post@innvikfjordhotell.no](mailto:post@innvikfjordhotell.no)**  
**[www.innnvikfjordhotell.no](http://www.innnvikfjordhotell.no)**

 **STRYN ENØK AS**

**TOSHIBA**  
VARMEPUMPER

Treng du ny varmepumpe?  
Eller service på den du har?  
Ta kontakt, rask levering til rett pris

Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704  
[www.senok.no](http://www.senok.no)

EF 842/2006  
Isovator  
F-GASS SERTIFISERT FORHANDLER

# Fjordferd



BEGRAVELSESBYRÅ  
STRYN • VOLDA • STAD

Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd



Sjå heimesida vår for prisar  
[www.fjordferd.no](http://www.fjordferd.no)

**Tlf. 458 50 300**

- Vi er her for deg når du treng oss -  
Siv-Carina Vikestad - Silje Svarstad

Gravminne

Namne-  
tilføyinger

Oppfrisking



EIDE STEIN AS

[www.eidestein.no](http://www.eidestein.no)

712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå



# Hjelmeland

BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt byrå i Nordfjord sidan 1978

Vi er her når du treng oss som mest,  
og hjelper deg med å lage ei personleg,  
fin og verdig gravferd.

Slik som du ynskjer.

**Tlf. 905 50 905**

Sjå vår nye heimeside: [www.hjelmeland.as](http://www.hjelmeland.as)



«No livnar det i lundar, no lauvast det i li...» I skrivande stund er det akkurat det som går føre seg. Overalt i naturen syder det av liv. Fuglane held konsert frå tidleg morgen, og om ein høyrer godt etter rundt middagstid, høyrer ein summinga frå biene og humlene som er på sankerunde mellom vårblopane. Graset veks så raskt at ein ser skilnad frå morgen til kveld, og plutseleg ein dag stod bjørkene grøne.

Kvart år, etter ein mørk og keisam vinter, er eg like forundra og like begeistra når våren kjem som kasta på oss igjen. «Og etter som eit under, nytt liv av daude gror,» står det, og akkurat slik kjennest det.

Eg vaks opp med denne salmen. Vi song han i søndagsskulen, i skulen, i konfirmasjonar og i bestemora mi sine gebursdagskalas. Då eg var heilt lita, trudde eg at han handla særskilt om slekta mi, noko eg etterkvart skjønte slett ikkje var tilfelle, men salmen har likevel ein spesiell plass i hjartet mitt.

Om det er fordi eg heilt frå dei tidlegaste vårteikna og fram til den lysaste midtsommarsnatta går og ber på dei kjenslene som vert så godt uttrykt i denne salmen eller om det er den håpefulle tonen som går som ein raud tråd gjennom alle versa, står ikkje klart for meg.

Eg veit berre at denne salmen alltid fyller meg med varm lukke. «Du vår med ljose dagar, med lengting, liv og song, du spår at Gud oss lagar ein betre vår ein gong».

Yr forventing, trur eg at eg vil kalle det, og ei god kjensle er det.

Eg utfordrar Harald Runde til å skrive om "Min salme" neste gang

## Min salme

av  
Inger Johanne  
Lunde

### No livnar det i lundar

Tekst: E. Blix, 1875

Melodi: L.M. Lindemann, 1875

*No livnar det i lundar,  
no lauvast det i li,  
den heile skapning stundar  
no fram til sumars tid.*

*Det er vel fagre stunder  
når våren kjem her nord  
og etter som eit under  
nytt liv av daude gror.*

*Guds kyrkje lysa skulle  
som høgt på berg ein stad,  
med sumar utan kulde  
og utan solarglad*

*Guds ord vel alltid lyser,  
den sol gjeng aldri ned.  
Det hus som Anden hyser,  
ligg støtt i ljos og fred.*

*Du vår med ljose dagar,  
med lengting, liv og song,  
du spår at Gud oss lagar  
ein betre vår ein gong,*

*då me med vigsla tunge,  
med kjærleik heil og klår,  
alt utan brest og sprunge  
skal lova Herren vår!*



## Oddny under open himmel

~  
Av  
Oddny  
Torheim  
~



## Treklang - del 2

I forrige nummer stansa eg ved desse tre orda, tru, von og kjærleik som eg kalla ein treklang. Dei vert også kalla den paulinske treklangen.

I dette nummeret skriv eg litt om von. Bibelen bruker dette ordet mange ganger. Eg kan tenkje meg at du tykkjer ordet von er eit gammalt ord som vi ikkje bruker lenger.

Bibelen min er ikkje av siste utgåva, så eg såg etter i ei nyare utgåve om ordet von framleis er brukt. Det er det. Til dagleg bruker vi andre ord som; eg håpar, eg ønskjer, eg trur, eg reknar med eller eg går ut i frå.

Å håpe tyder at ein ventar på noko eller ønskjer noko som kanskje kjem i framtida. Men det er ikkje sikkert at det vert slik. Vi ser framover og ventar på svar.

Å ha håp er med å halda eit menneske oppe.

Vi set lit til legar, medisin eller at problem skal rette seg med tida. Mange set si lit til borna som veks opp og at dei skal bli hjelparar.

Har ikkje eit menneske håp som gjev livsmot, så går det fort ned over med det. Livsmot er svært viktig, så lat oss oppmuntre kvarandre. «Lat ikkje hjarta dykkar uroast og ver ikkje motlause», er eit kjendt ord.

### Ei levande von

Trua gjev oss ei levande von. Ei levande von er retta fram over og har mykje meir innhald enn håp og ønske.

Den kristne vona har eit hovudmål, oppståda. Ei levande von peikar ut overlivet og mot det evige, Paulus skreiv i brevet til romarane: «*For i vona er vi frelse*». Rom.8.24 «*Denne vona er eit trygt og fast anker for sjela*». Heb.6.19 Alle skal stå opp på den store «påskedagen» når Jesus kjem att. «*Han skal omskape vår veike og forgjengelege lekam og gjera han lik den lekamen han sjølv har i herlegdomen*». Fil. 3 21 Det blir noko stort. For ei endelaus og levande von vi har.

Eg kom over eit minneord skrive for 46 år sidan. Gravferda var veslejulaftan. Ei kvinne i sine beste år vart gravlagd. Ein stor sør-gjeflokk følgde ho til den siste kvilestaden. Etterpå samlast dei til minnestund. Så stod der: «*Det var ikkje vonløyse, men ord om ei evig von som breidde seg mellom vegane*». Avslutninga var ein julesong der siste strofa lydde slik: «*Eia, var vi der!*»

### Vona er eit anker for sjela

Symbolet for von er eit

anker. Båten er utstyrd med anker. Eit anker som vert kasta mot botnen, skal hjelpe båten så den ikkje driv. Årsaka kan vere uver eller motorstopp. Ankeret er med å berge båten, mannskapet og passasjerane. Der må vere ankerkjetting eller tau mellom ankeret og båten.

Vona er eit anker som ber gar oss. Tru, bibel, bøn, nådemiddel og samfunn med andre truande skaper og styrkjer sambandet mellom «ankeret og båten».

### Von i tenesta


Mange manglar ei levande von, difor driv vi misjons arbeid. Vi har fått eit oppdrag å bere evangeliet ut til andre menneske. Vi kan vere med i såmannsarbeidet på mange måtar, med forkynning, med undervisning, med økonomisk støtte og ikkje minst vere med i bønetenesta.

Lat oss ikkje gløyma at vi skal vere glade i vona og ut haldane. *Ja, lat oss halda fast på vona!*





Slekt  
skal følge  
slekters  
gang



### Frå kyrkjebøkene

**Sokna Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Stryn - Loen - Oppstryn**

#### Innvik

##### Døypte

14.04 *Mia Helgås Heggheim*  
For. Andrine Njøsen Helgås og  
Jon Atle Heggheim

##### Døde

24.02 Arild Evebø f. 1951

#### Nedstryn

##### Døypte

27.02 *Emma Nordnes Bergset*  
For. Hilde Nordnes og  
Endre Bergset  
13.03 *Marie Gundersen Heggestad*  
For. Linda Gundersen Heggestad  
og Olav Rune Heggestad  
13.03 *Alvin Sundgot Greidung*  
For. Benedicte Sundgot Greidung  
og John-Eirik Greidung  
09.04 *Mille Vadøy Lindvik*  
For. Marlene Frøyen Vadøy  
og Michael Lindvik  
09.04 *Frida Bøe Sætre*  
For. Marita Sætren Bøe og  
Emil André Sætre  
09.04 *Mattis Flo Nygård*  
For. Ida Flo og Håvard Nygård  
17.04 *Madelen Mork Sande*  
For. Carina Mork og Anton André  
Sande

15.05 *Storm Staalnacke.*  
For. Anne Berit Valla Staalnacke  
og Simen Alexander Staalnacke  
15.05 *Gustav Myrvang Dale*  
For. Linda Renathe Myrvang og  
Magne Heggertveit Dale

##### Vigde

28.05 Eili Seljeset Ommedal og  
Johnny Hjulstad Solhaug

##### Døde

17.03 Sverre Gjørven f. 1943  
16.04 Paul Hool f. 1953  
04.05 Jostein Ytreeide f. 1966  
15.05 Espen Egge Røkke f. 2007

#### Loen

##### Døypte

14.05 *Ronja Sande Erstad*  
For. Linn Therese Erstad og  
Rune Sande Beinnes  
14.05 *Vilma Ringstad Solheim*  
For. Stine Mari Ringstad og  
Emil Solheim

##### Døde

14.05 *Julie Vinsrygg Mo*  
For. Anne-Marie Vinsrygg og  
Robert Ylvisåker Mo  
Vigde  
21.05 Karoline Osnes og Petter  
Leikanger Aasen

#### Olden

##### Døypte

06.03 *Andrea Johanne Beinnes-Røstenskar*  
For. Lene Jeanett Beinnes og  
Kim-Roger Røstenskar  
17.04 *Eivor Møgster Lundevall*  
For. Christine Møgster Bonnegolt  
og Torjus Muri Lundevall

##### Vigde

20.05 Hege Aardal og  
Marius Berget Alsaker

##### Døde

14.02 Asbjørg Sunde f. 1931  
10.03 Ola Friheim f. 1951  
22.03 Reidar Gjerde f. 1927

#### Nordsida

##### Døypte

27.05 *Ola Nygård Vøllestad*  
For. Ingrid Håøy Nygård og Einar  
Vøllestad

#### Utvik

##### Døypte

10.04 *Sigve Hage Kielland*  
For. Kristin og Pål Hage Kielland

#### Oppstryn

##### Døypte

17.04 *Laura Bergset Hjelle*  
For. Gudrun Sætre Bergset og  
Lasse Hjelle

##### Døde

10.04 Marie Hjelle f. 1930  
10.05 Kåre Harald Rudning f. 1945

#### Hornindal

##### Døypte

13.03 *Anna Nærø Torvik*  
For. Marianne og Christer Nærø  
Torvik

03.04 *Emrik Sætren Espe*  
For. Ingvild Kjellstadli Sætren og  
Tore Hjelle Espe  
17.04 *Joakim Alcantara Kirkhorn*  
For. Esterlane Alcantara og Arne  
Kirkhorn

##### Døde

18.03 Bottolf Espelund f. 1925

#### Randabygd

##### Vigde:

28.05 Silje-Elin Skrede og Ivar Sletta

##### Døde

13.05 Hans Tvinnereim f. 1927  
28.05 Per Rune Tytingvåg f. 1948



# Dagens fundering



**"Du veit ingenting om dagen,  
far sola går ned"**

## Dugnad Innvik kyrkje

av Petter Arnt Løvdahl

Eg var ute på min vanlege kveldstur då Jan Paulen plutseleg ropte på meg frå kyrketrapa. Han var veldig oppteken av at eg skulle koma inn og sjå det nye golvet som var lagt på kjøkkenet. Etter kvart kom Henning Skogstad og praten gjekk om den gamle døypefonten dei hadde fått frå einkvan som hadde hatt den i eit gammalt hus. Dei skulle ha styremøte og eg gjekk vidare.

Dagen etter såg eg på Facebook at det skulle vere dugnad i og rundt kyrkja. Som nabo til Kyrkevegen og Jan, tenkte eg at dette ville eg vere med på. Det er viktig å stille opp for å ta vare på den flotte kyrkja i Innvik.

Torsdag 21.04 klokka 17.00 var bortimot alle nabane frå gata, og ein del andre kjende og ukjende, oppmøtte med reiskap og utstyr. Vi fekk fordelt oppgåver av Solveig Heggdal og starta arbeidet. Nokre av damene sette i gang med støvsuging og vasking av vegger og benkar. Andre pussa sølv og messing så det skein. Vi karane, samt nokre damer, raka lauv, pussa bort sand og fjerna ugras m.m. Håvard Lyslo dreiv med gravemaskin oppe i eine hjørnet av kyrkjegarden og lasta alt av avfall og stein opp i lastebilen sin.

Ein av karane, Geir Ståle, hadde ansvar for plantinga og han hadde jobba heile dagen med bedd og busker, både innom og utanfor kyrkjegardsmuren. Dei som kjende han sa han hadde vore kyrkjetenar og i tillegg utdanna gartnar. Han måtte vere dagens helt og eg bad om å få lov å ta bilde av han under plantinga.

Denne kvelden var det sol frå klar himmel og dei fleste hadde

møtt i shorts og T-skjorte og det var jammen bra, for vi fekk ut sveitten medan det stod på. Etter godt to timer kom heldigvis Else Paulen og Jorunn Lund ut med kald saft til oss. Pølser med brød, sjokoladekake og kaffi smakte også godt. Alle dugnadsfolka var samla utanfor kyrkja i solskinnet og vi hadde oss ei god stund saman, der dei fleste bidrog med morosame historier og godt humør.

Vi var einige om at no kunne biskopen berre koma til Innvik kyrkje neste veke.



Geir-Ståle Vatnamo plantar i blomsterbeddet. Foto: Petter Løvdahl



Gemma, Maria og Solveig vaskar vegg og benkar. Foto: Geir-Ståle Vatnamo



Håvard Lyslo dreiv med gravemaskin.  
Foto: Geir-Ståle Vatnamo

### GRAVMONUMENT



Sjå alle våre modellar på  
[www.gravstein.no](http://www.gravstein.no)

Alle våre modeller er designet  
og produsert i Norge

Ta kontakt for katalog  
John Selmer Skiftesvik  
Tlf: 990 28 076

Fornying av skrift  
Opprettig av gamle steiner  
Nye gravsteiner

# Søndag er kyrkjedag

## Gudstenester i Indre Nordfjord



*Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avis "Fjordingen".*

*Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på facebook: Kyrkje i Indre Nordfjord  
Heimeside: www.volda.kyrkja.no*

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

### 24. juli;

7. s i treeiningstida – *Mark 5, 25-34*

- Loen 11:00

Gudsteneste

- Utvik 11:00

Gudsteneste

- Raudfjell - Nordsida 14:00

Støyldsmesse

### 29. juli;

Olsok – *Luk 22, 24-27*

- Olden gamle kyrkje 18:00

Gudsteneste

- Oppstryn 20:00

Gudsteneste

### 31. juli;

8. s i treeiningstida – *Luk 12, 28-34*

- Nedstryr 11:00

Gudsteneste

### 07. august;

9. s i treeiningstida – *Luk 6, 36-42*

- Anders Svor museet -

Hornindal 12:00

Gudsteneste

- Brekkestova Utvikfjellet 14:00

Friluftsgudsteneste -

Breim sokn vert invitert

### 14. august;

10. s i treeiningstida – *Mark 11, 25-26*

- Loen 11:00

Gudsteneste

- Utvik 11:00

1. klassessgudsteneste

- Nedstryr 16:00

Familiegudsteneste

- Randabygd 16:00

1. klassessgudsteneste for Nordsida og Randabygd

### 21. august;

11. s i treeiningstida – *Joh 8, 31-36*

- Bombeneset, Oppstryn 11:00

Friluftsgudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane

- Innvik 11:00

Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane

### 28. august;

12. s i treeiningstida – *Joh 4, 27-30, 39-43*

- Loen 11:00

Gudsteneste

- Utvik 11:00

Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane

- Hornindal 11:00

Gudsteneste - skulestart

### 04. september;

13. s i treeiningstida – *Joh 15, 13-17*

- Nedstryr 11:00

Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane

- Olden 11:00

Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane

### 10. september; laurdag

- Hornindal 12:00

Konfirmasjonsgudsteneste

### 11. september;

Vingardsøndag - *Matt 19, 27-30*

- Innvik 11:00

Hausttakkefest - utdeling av 4 årsbok

- Randabygd 11:00

Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane frå Nordsida og Randabygd

- Bødalen, Loen 13:00

Friluftsgudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane

- Ljosheim kapell 16:00

Hausttakkefest - utdeling av 4 årsbok

- Nedstryr 19:00

Kveldsgudsteneste

### 18. september;

15. s i treeiningstida – *Joh 15, 9-12*

- Oppstryn 11:00

Hausttakkefest - utdeling av 4 årsbok

- Utvik 11:00

Hausttakkefest - utdeling av 4 årsbok

### 25. september;

16. s i treeiningstida – *Matt 11, 16-19*

- Nedstryr 11:00

Hausttakkefest - utdeling av 4 årsbok

- Fjellvarden - Nordsida 11:00

Hausttakkefest - utdeling av 4 årsbok





## Informasjon/ Fulldistribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden

### Fest for dei frivillege

tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

Etter samtalegudstenesta onsdag 27. april var det fest for dei frivillege med mange aktørar på podiet. «Musikkensemplet» leia salmesongen og var det musikaliske limet heile kvelden.

Frivillegfesten blei både morosam og interessant. Varaordførar Torstein Tvinnereim tok oss med i eit utruleg bra ordspel om «bispevippen», med mange gode anekdoter. Gunnhild Bergset var dyktig festleiar.

Undervegs fekk vi andakt av sokneprest Hege Høibye. Ho tok utgangspunkt i 1. Mosebok, skapinga, med vekt på den 6. dagen og mennesket som blei skapt i Guds bilet. Å vere Guds bilet, er å vere representant for Gud, bindeleddet mellom himmel og jord, og bringe det guddommelege nærværet inn i vår verden. Dette er oppgåva og kallet vi har fått frå skapinga. Og sjølv om vi fall, er ikkje dette kallet trekt tilbake. Det er framleis vårt kall. Dei frivillege gjer dette, sa Hege, og la til: Dei frivillege er også med på å gjere det mogleg at vi saman kan kome nær Gud og stå i brytningspunktet mellom himmel og jord.

Det var svært spennande å lytte til Arne Sølvberg og felespelet hans. Han har alltid noko morosamt å fortelje, og denne gongen hadde han med seg unge aktørar. Dei viste fram flotte leikarring-dansar og viste også nokre akrobatiske ferdigheter.

Vi fekk også vakker song av Stevia, dei tre Markanedamene Gunnhild Sindre, Bente Flore og Ingrid Wangensteen Flore, som sang acapella. M.a. den vakre svenske sangen *Ut i vår hage*.



«Musikkensemplet» stod for musikken for kvelden



Biskop Halvor Nordhaug tok seg god tid og helsa opp i handa på alle som var på friville festen



Sokneprest Hege Høibye held andakt



Kateket Beate Nes delte ut gâve til alle deltagarane på friville festen, eit "gripekors"



Dei flinke Fjelljom dansarane

Neste nummer får du i posten 28. - 29. september. Redaktør vert Geir Ståle Vatnamo.  
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: [skogli.vatnamo@gmail.com](mailto:skogli.vatnamo@gmail.com) innan 26. august.